

Alf Kvalheim

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/2348 - 17/14370

Saksbehandlar:  
Irene Wilhelmsen  
Irene.Wilhelmsen@lindas.kommune.no

Dato:  
16.05.2017

## Svar - Trafikksikring - framlegg til skilting

Lindås kommune takkar for innspelet om forslag til skilt i innkøringa til Mangerbua. Me ser på det som positivt at innbyggjarane engasjerer seg i trafikksikringsarbeidet.

Skiltet du refererer til er ikkje eit offentleg godkjent skilt og er dessverre ikkje lovleg å setje opp langs ein offentleg veg.

Det er svært strenge krav til skilting langs ein offentleg veg.

Lindås kommune som vedtaksmyndighet for skilt langs dei kommunale vegane, er pålagt å følge skiltnormalen. Skiltnormalen vert fastsett av Vegdirektoratet med heimel i skiltforskrifta og vert publisert i Håndbok N300 i Statens vegvesen sin håndbokserie.

Alvermarka og alle sidevegane ligg innanfor ei fartsgrense sone.

Eit fartsgrense soneskilt fastset grensa for eit område kor det er forbod mot køyring med høgare fart enn gitt av skiltet. Kravet er at ingen bustader eller verksemder innanfor sona bør ha lenger køyreavstand enn 800m langs den mest hensiktsmessige vegen ut av sona.

Soneskilt for 30 km/t er plassert like etter krysset til Alvermarka, avkøyring frå fylkesveg 565 (Alverflaten). Frå skiltet og ned til innkøringa til Mangerbua, er det ca. 500 meter.

Med helsing

Irene Wilhelmsen  
Ingeniør - vegavdelinga

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**  
Rune Kilen



**Mottakarar:**  
Alf Kvalheim